



Kårbø, 30. november 2016

Meland kommune
Avdeling for kultur
v/ Eirik Bouwer Utne

Kulturmidlar 2016, - Mellombels rapport

Holsnøy Kystlag har tre prosjekt på gang. Det er restaurering av veteranfiskeskøyta Lenda, restaurering av den gamle prestebrygga på Husebø, og likeeins båthuset på Skjelanger.

Prestebrygga var tidlegare nytta av presten då han reiste mellom kyrkjene på Manger og Herdla. For å sleppa å ro rundt Skjelanger kor veret kunne ta hardt på, vart det laga ein eigen prestebrygge innarst i Husebøvågen. Presten gjekk då over til Sætrevik kor han fekk vidare skyss til Herdla. Brygga er eit rikt kulturminne som er vert å ta vare på. Ho er i dag i svært dårleg forfatning. Me har engasjert Berit Bruvik Tørrmuring i eit forprosjekt for å finne ut kva det vil koste å få brygga attende til det ho en gang var. Forprosjektet har kostat oss kr 3 000,-.

Båthuset på Skjelanger har i år fått eit nytt strok med måling. Førebels er det ikkje kostnadsført meir enn kr 255,- i måling. Men her kjem det meir kostnader. For tur står og utskifting av vannbord og litt kledning som er råte. Det vil og verta et båtopptrekk, men det må venta til over vinteren.

Mykje av aktiviteten i kystlaget er tufta på Lenda, og denne veteranfiskeskøyta er også den største utgiftsposten vår. Me har hatt skøyta på slipp i Storesund, og ho framstår i bra stand. Me har også gått til kjøp av ei sikker straumforsyning frå naust til forankring. Toalett og



Holsnøy Kystlag
Org.nr. 989 414 461
Skjelangervegen 661
5917 Rossland
holsnoykystlag@yahoo.no

Faktura adresse:
Holsnøy Kystlag v/R. Rasmussen
Grinda 10
2013 Skjetten
rrras@online.no

dusjløsing vil ha fyrste prioritet framover. Då vert det naudsynt med et påbygg bak eksisterande styrhus. Dette er i aluminium. Me har fenge eit tilbod frå Astrup på aluminiumsplater, men dimensjonen på desse er slik at det vert unødig mykje kapp som ikkje kan nyttast. Me har difor retta førespurnad også til Fitjar Mekaniske Verkstad og Radøy Mekaniske Verkstad for å undersøka om dei har ei betre løysing, og om dei kan gje oss eit godt tilbod. Dør til tilbygget har me allereie kjøpt. Vidare planer med Lenda er å få bygga lasterommet om til oppholdsrom. Då må betongballasten fjernast, og me må få mykje mindre plasskrevjande ballast i bly. Med eit oppholdsrom under dekk, vil det og verta naudsynt med skylight for å få inn dagsljos. Utanom drift av skøyta har me førebels hatt fylgjande kostnader:

<u>Leverandør:</u>	<u>Artikkel:</u>	<u>Pris:</u>
Bestmarin Bergen/Åsane Rule 500 GPH		927,00
Fosen Gjenvinning AS	Båtdør og racorfilter	6225,00
IMC Diving AS	Reparasjon av forankring	1250,00
Frekhaug Byggcenter AS	Tjærulin	494,10
Fjell Kystlag	Leige av slipp	2900,00
Biltema	Diverse utstyr	926,40
Elektroimportøren	Straumforsyningsopplegg	4351,00
Biltema	Div. utstyr	<u>432,30</u>
		<u>17760,8</u>

Vennleg helsing

Holsnøy Kystlag

Jegvan Kårbo

leiar